



Jobbnorge-ID: 71677
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Postdoktor innan munnhulekreft ved Gades institutt

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, [Gades institutt](#), er det ledig ei (100%) stilling som postdoktor i eksperimentell kreftforskning innan oral cancer ([Bergen Oral Cancer Group](#)).

Stillinga er finansiert av Universitetet i Bergen.

Den som vert tilsett vil arbeide med prosjekt innan munnhulekreft, med spesiell fokus på epitelial-mesenchymal interaksjon og kreft stamceller. Søkjarar må ha kunnskap om oral cancer epidemiologi og biologi og erfaring med celledyrking, inklusiv tredimensjonale organotypiske cellekulturar, immunhistokjemi og molekylærbiologi.

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling. Åremålsperioden for denne stillinga er fire (4) år med 25 % pliktarbeid inkludert. Ingen kan tilsetjast for meir enn ein åremålsperiode ved same institusjon.

Føremålet med stillinga er vitskapleg kompetansebygging ved å vidareføre forskingsarbeid til eit høgare nivå enn det som er mogeleg innafor eit ordinært doktorgradsprogram. Eit hovudmål er å kvalifisere den som vert tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Avlagt doktorgradsprøve eller tilsvarande utanlandsk utdanning er difor eit minstekrav ved tilsetjing. Avhandlinga må vere innlevert når søknadsfristen går ut.

Løn utbetalast etter lønssteg 57 (kode 13520/LR 24.1) i Statens Lønnsregulativ ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter teneste ansiennitet i stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Kvinner og personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga. Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar utvida offentleg dokumentinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Send søknad og CV som inneheld fullstendig oversikt over tidlegare utdanning, relevant erfaring, samt kontaktinformasjon for minst to referansepersonar, elektronisk via Jobb Norge til Universitetet i Bergen ved å klikke på knappen merkt "SØK PÅ JOBBEN" på denne sida.

Kopiar av vitnemål og attestar, doktorgradsavhandling, vitskaplege arbeid (maks 10) og ei liste over desse (i alt 3 eksemplar, sortert i 3 like bunkar) skal sendast som ordinær post til Gades Institutt, Universitetet i Bergen, Laboratoriebygget, Haukeland Universitetssykehus, 5021 Bergen, att. Kristian Jensen.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til Instituttleiar Anne Christine Johannessen, Gades institutt (e-post anne.johannessen@gades.uib.no, tlf 5597 3230).

Søknadsfrist: 4. februar 2011

Søknaden merkast: 2010/12952

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: